



Heksa Dhegdheer

- ei forteljing frå Somalia



Det var ein gong to barn som gjekk gjennom ein stor og magisk skog i Somalia.



«Pass dykk for hekka Dhegdheer med dei lange øyra!» sa dei vaksne. «Ja, vi skal passe oss for hekka Dhegdheer,» sa barna.



Dei leidde kvarandre og gjekk djupare inn i skogen.



Plutseleg kom dei til ein lysning i skogen. Der brann det eit bål.

Ved bålet sat ei høg dame med eit stort sjal rundt hovudet.



Barna sette seg
ned, og dama byrja
å fortelje:



Ho sa: «Sheko skeko! Sheko harir!» Ja vi vil høyre ei forteljing, sa barna. «Høyr her barna mine,» sa dama. Det var ein gong ei mamma og ein pappa som budde saman med den kjære vesle guten sin. Men ein dag byrja mamma og pappa å krangle ...



«Nei!» sa mamma, «Nei, nei, nei!» ropte mamma. «Nei niks og aldri!»





«Skal pappa dra sin veg?» spurde guten.



«Ja, viss han drar så gjer vi det òg. To kan leike den leiken!» sa mamma. Ho tok den vesle guten i handa og drog ut.



Dei gjekk og dei gjekk og dei gjekk, heilt til sola byrja å gå ned.
Då sa guten: «Mamma, eg orkar ikkje å gå lenger».



Ei gamal dame kom gåande mot dei.

Ho sa: «God dag, god dag!» og så vinka ho dei inn i eit stort og staseleg rom.




Der var det eit stort fat med søt og saftig mat.



Guten glodde ut av vindaugget med store auge.



Den gamle dama
tok av seg
hovudplagget og
ut fall det to
lange, lange øyre
som rakk ho heilt
ned til skuldrene.
Ho sprang rundt
bålet og song:



«Skremde folk er dårleg mat. Men lykkelege folk er gode på fat!»



«Nei, sjå på dei lange øyra, det er hekka Dhegdheer!»



«Kom guten min!» sa
mora og løfta den vesle
guten opp på ryggen,
batt han fast og sprang
ut i mørket.



Ho hørde hekse Dhegdheer bak seg som song «Skremde folk er dårleg mat. Men lykkelege folk er gode på fat!» Mammaa sprang som ho aldri hadde sprunge før.



Plutseleg kom ho til ei elv, men ho kunne ikkje svømme.

Men der, i måneskinet hørde ho ei stemme, ei stemme som ho kjente så uendeleg godt igjen:

«Fatima, kast guten over!»



Ho kasta den vesle guten over elva, og i det Dhegdheer pusta ho i nakken tok ho sats og hoppa over elva og inn i armane til den kjære mannen sin.



I det han omfamna dei begge to, sa ho:
«Er det sant, mannen min? klarar ikkje
Dhegdheer å gå over vatn, takk og pris!»



Dei to barna som sat
og hørde historia
klappa og lo!
«For ei spennande
historie!» sa barna.



«Ja», sa dama og tok av seg
hovudplagget.
Då datt det ned to lange, lange øyre.

Dama song «Skremde folk er dårleg
mat.
Men lykkelege folk er gode på fat!»

Snipp snapp snute, så var eventyret
ute!



Animatør: Mats Grorud

Se fleire forteljingar på morsmal.no